



REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, 11. JUNI 2021
KL. 08.00 – 10.00 PÅ TEAMS

Desse deltok:

Morten Storebø	Austevoll kommune
Bjarte Madsen	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Kjetil Aga Gjøsæter	Bømlo kommune
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune
Gaute Straume Epland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune

Frå administrasjonen:

Tora Haslum Myklebust
Anne Almås Tranøy

Forfall:

Stein Dalland, Tysnes kommune

Då var føre:

- Sak 20/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 19. mars d.å.
Sak 21/21 Val av nytt arbeidsutval 2021-2023
Sak 22/21 Regional plan for klima 2022-2035 - høyring
Sak 23/21 Skriv og meldingar
a) Grøn Vekst
b) Arendalsuka
c) Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion
d) Prosjektorientering.
Sak 24/21 Ymse
a) Hardangerfjord Villfisklag – bekymringsmelding lakselus

Sunnhordland, 11. juni 2021

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND, 11. JUNI 2021
KL. 08.00 – 10.00 PÅ TEAMS**

Sak 20/21 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 19. mars d.å.

Samrøystes vedteke

Sak 21/21 Val av nytt arbeidsutval 2021-2023

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel følgjande arbeidsutval for perioden 2021-2023:

Mette Heidi B. Ekrheim, Etne kommune (Bjørn Tollefsen)
Linn Therese Erve, Sveio kommune (Jostein Førre)
Sammy Olsen, Bømlo kommune (Kjetil Aga Gjøsæter)
Gaute Epland, Stord kommune (Magnus Mjør)
Olaug Haugen, Fitjar kommune (Harald Rydland)
Bjarte Madsen, Austevoll kommune (Morten Storebø)

Vedtak:

Samrøystes vedteke

Sak 22/21 Regional plan for klima 2022-2035

Framlegg til uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar planprogrammet for regional plan for klima 2022-2035, slik det ligg føre og med dei innspela som kjem fram av saksframlegget som følgjer:

Struktur av planprogrammet

Planprogrammet inneheld svært mykje nyttig og relevant informasjon. Regionrådet meiner at dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i planprosessen. Vi har ingen merknad til innhaldet eller tema. Det er likevel eit svært tunglest planprogram, med mange inndelingar, tema og målsettingar. Planprogrammet bør forenklast og gjerast lettlese. Dette vil gjera det meir tilgjengeleg for alle gruppene ein ynskjer å nå, og involvera politikarar, offentlege og private aktørar.

Nullutslepp i 2030

Vestland fylke skal vera ein pådrivar for å nå nullutsleppsmålet i 2030. Det er i planprogrammet ikkje sagt noko om korleis ein definerer nullutslepp. Ein tydleg definisjon av dette bør utarbeidast. Denne bør utformast slik at kommunane i Vestland fylke kan nytte same definisjon i sine klimaplanar.

Medverknad

Det bør i planprogrammet kome tydlegare fram kva medverknadsformer som faktisk er planlagd. No er det svært generelt, og det er ikkje så lett å kome med innspel. For kommunen er det viktig at det vert lagt til rette for at kommunen kan kome med innspel og at dei vert involvert i prosessen gjennom fleire rundar i prosessen. Kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for møter og arbeidsverkstad i kommunen eller i Sunnhordlandsregionen.

Lista over grupper som skal ha fokus i medverknadsprosessen er ganske lang, og ein kan vanskeleg finne grupper som er utelatt her. Kommunen meiner at ulike grupper bør koplust på dei ulike tema, og at dette kjem tydlegare fram i planprogrammet eller ei eit eige program for medverknad.

Naturmangfald

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner punkta som ein skal utgreie på naturfangfald ser lovande ut. Det er likevel viktig for samarbeidsrådet for Sunnhordland at fylkeskommunen i eit slikt arbeid har best mogeleg kunnskapsgrunnlag i arbeidet, og at ein jobbar med å få på plass så god kartlegging som mogeleg over dei naturtypene som finnes i fylket. På den måten er det lettare å gjere vurderingar på kvar ein kan akseptere å bygge ned noko natur, og kvar ein ynskjer å verne natur eller eventuelt verne natur gjennom fornuftig bruk av arealet.

Vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner samrøystes følgjande uttale:

Struktur av planprogrammet

Planprogrammet inneheld svært mykje nyttig og relevant informasjon. Regionrådet meiner at dette er eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i planprosessen. Vi har ingen merknad til innhaldet eller tema. Det er likevel eit svært tunglest planprogram, med mange inndelingar, tema og målsettingar. Planprogrammet bør forenklast og gjerast lettles. Dette vil gjera det meir tilgjengeleg for alle gruppene ein ynskjer å nå, og involvera politikarar, offentlege og private aktørar.

Nullutslepp i 2030

Vestland fylke skal vera ein pådrivar for å nå nullutsleppsmålet i 2030. Det er i planprogrammet ikkje sagt noko om korleis ein definerer nullutslepp. Ein tydleg definisjon av dette bør utarbeidast. Denne bør utformast slik at kommunane i Vestland fylke kan nytte same definisjon i sine klimaplanar.

Medverknad

Det bør i planprogrammet kome tydlegare fram kva medverknadsformer som faktisk er planlagd. No er det svært generelt, og det er ikkje så lett å kome med innspel. For Samarbeidsrådet for Sunnhordland er det viktig at det vert lagt til rette for at kommunane kan kome med innspel og at dei vert involvert i prosessen

gjennom fleire rundar i prosessen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ynskjer at det vert lagt til rette for møter og arbeidsverkstad i regionen.

Lista over grupper som skal ha fokus i medverknadsprosessen er ganske lang, og ein kan vanskeleg finne grupper som er utelatt her. Samarbeidsrådet meiner at ulike grupper bør koplatt på dei ulike tema, og at dette kjem tydlegare fram i planprogrammet eller i eit eige program for medverknad.

Naturmangfald

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner punkta som ein skal utgreie på naturfangfald ser lovande ut. Det er likevel viktig for Samarbeidsrådet for Sunnhordland at fylkeskommunen i eit slikt arbeid har best mogeleg kunnskapsgrunnlag i arbeidet, og at ein jobbar med å få på plass så god kartlegging som mogeleg over dei naturtypane som finnes i fylket. På den måten er det lettare å gjere vurderingar på kvar ein kan akseptere å bygge ned noko natur, og kvar ein ynskjer å verne natur eller eventuelt verne natur gjennom fornuftig bruk av arealet.

Sak 23/21

Skriv og meldingar

a) Grøn Vekst

Administrasjonen informerte om at Lasse Kolbjørn Anke Hansen v/VLFK og Vegard R. Sjursen v/EY orienterte om Grøn Vekst i AU møte 28. mai. AU tok presentasjonen til orientering og ønskte i denne omgang ikkje å delta i prosjektet.

På møte:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland drøfta saka i møte og meiner at det er eit positivt arbeid som vert gjort i prosjektet, og ynskjer ei orientering av Vestland fylkeskommune om det pågåande arbeidet etter kvart.

b) Arendalsuka

Administrasjonen orienterte om planar for Arendalsuka 16. – 20. august 2021, der ein saman med Haugaland Vekst har fått sceneplass på Bærekraftscenen frå kl. 14.00–15.15 onsdag 18. august. Tema vert nye berekraftige moglegheiter i havrommet og korleis Norge kan ta ein leiande posisjon. Storregionen Haugalandet og Sunnhordland spelar ei viktig rolle i dette arbeidet. Planlegging av program er starta saman med adm. dir. i Haugaland Vekst.

Skjema for påmelding vil bli sendt ut på nytt til ordførarar og rådmenn/kommune direktørar. Administrasjonen vil då be om tilbakemelding innan 24. juni 2021.

c) Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion

Høyringsfrist 30. juni. Administrasjonen stilte spørsmål om kommunane ønskjer ein regional uttale. AU konkluderte i møte 25. mai om at dette var ein plan det ville kome administrativ uttale frå kommunane på og at ein dermed ikkje ønskjer sende ein regional uttale frå Samarbeidsrådet.

På møte:

Samarbeidsrådet drøfta saka i møte og konkluderte om at ein i denne omgang ikkje skulle sende regional uttale, men at dersom det syner seg at det i planarbeidet er saker som ein meiner omfattar regionen må dette spelast inn til administrasjonen.

d) Prosjektorientering

Administrasjonen orienterte om ulike pågåande prosjekt og status i reiselivssatsinga samt Bu i Sunnhordland.

På møte:

Geopark Sunnhordland:

Administrasjonen orienterte om status i prosjektet.

Samarbeidsrådet ba administrasjonen sende ei oppsummering av vedtaka i kommunane vedr. søknad om deltaking i prosjektet, og ta saka opp til ny diskusjon når dette var klart.

Sak 24/21

Ymse

a) Hardangerfjord Villfisklag – bekymringsmelding lakselus

Administrasjonen synte til at Samarbeidsrådet hadde fått tilsendt kopi av bekymringsmelding om lakselus frå Hardangerfjord Villfisklag.

Bekymringsmeldinga var sendt til Mattilsynet og ulike departement.

Hardangerfjord Villfisklag set pris på om kommunane v/ordførar tek initiativ som kan betre forholda i fjorden på dette området.

På møte:

Samarbeidsrådet konkluderte at det var eit greitt tema å ta opp i regionrådet og ynskjer nærare orientering frå Hardangerfjord Villfisklag om situasjonen.